



Øyvind Kleivdal
Vassbygdvegen 119
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6883 - 22/84657

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
07.11.2022

Kommunen treng fleire opplysningar i saka

Du har søkt om tilskot til drift med taubane på gbnr 183/2 Kleivdal, 20.september 2022.

Drifta ligg i nedslagsfeltet til Storavatnet, som er den viktigaste drikkevasskjelda i Alver kommune. Ut frå kart som følgjer søknaden er det planlagt oppstillingsplass om lag 250 meter frå Storavatnet, og avstanden mellom hogstfeltet og vatnet er om lag 230 meter. Feltet ligg i ei bratt lisode, noko som gjer auka fare for erosjon og avrenning. Vi har diskutert saka internt med kommunens VA-avdeling, og har kome fram til at i denne spesielle saka treng vi meir informasjon for å kunne fatte eit vedtak.

Vi ber om at skogeigar i samarbeid med entreprenør sender ei skildring av kva konkrete tiltak ein vil gjere under drifta for å redusere faren for forureining av Storavatnet. Dette må sendast skriftleg til post@alver.kommune.no, med referanse til sak nr 22/6883.

I følge drikkevannsforskriften §4 er det forbudt å forurense drikkevann. Dette omfattar alle aktiviteter som medfører fare for forurensing. Landbruksaktivitet kan foregå i vanntilsigsområdet dersom det ikke forurenser drikkevannet.

Kommunen har som vassverkseigar plikt til å forhindre at det blir forurensing av drikkevasskjelda.

Det er positivt at ein ønsker å ta ut tømmeret med taubane, ettersom dette vil vera meir skånsomt enn drift med skogsmaskin. Vi ser det likevel som uheldig at drifta er planlagt i den mest nedbørrike tida av året. Jorda er no fullstendig vassmetta, og under slike tilhøve skal det lite til før skogsdrifta kan føre til avrenning. Hogst i dette området bør slik vi ser det planleggast gjennomført etter ein tørkeperiode eller eventuelt i ein periode med barfrost.

Vedtak om tildeling av tilskot etter Forskrift om tilskudd til nærings og miljøtiltak i skogbruket vert fatta av kommunen ved landbruksavdelinga. Vedtak om tilskot er ikkje å rekne som ei godkjenning av hogsten frå kommunen si side. Det er i alle tilfelle skogeigar sitt ansvar at alle tiltak i skogen blir gjennomført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, jf. Skogbrukslova §4. Vi ser det likevel som uheldig dersom kommunen gjer tilskot til ei skogsdrift som medfører risiko for forureining av drikkevannet. Vi ser oss derfor nødt til å be om meir utdyppande informasjon for å kunne fatte vedtak i denne saka.

Med vennleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Øyvind Kleivdal

Vassbygdvegen 119

5912

Seim